HJELMELAND KOMMUNE

RYCON AS
Fjelltunvegen 3
4103 JØRPELAND

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato:
	24/138 - 4	Guro Lindebrekke Andersen Tlf. 40439124	25.01.2024

Delegert vedtak eitt-trinns søknad - 71/24, - LAGER SPRENGSTEIN

Tiltak:	
Byggjestad:	Gbnr: 71/24
Tiltakshavar:	NATLAND GRAVESERVICE AS Jøsnesvegen 335 4146 SKIFTUN
Ansvarleg søkjar:	RYCON AS Fjelltunvegen 3 4103 JØRPELAND

Vedtak
Hjelmeland kommune godkjenner søknad etter § 20- 1 i plan- og bygningslova om løyve til å lagre sprengstein på ovannemnde eigedom, som omsøkt.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:
Løyvet gjeld i 10 år frå dagens dato, 25.01.2024.
Lagring av massar skal framstå ryddig visuelt.

Før ferdigattest kan bli gitt, skal følgjande vere oppfylt:
- Innlevert sluttført gjennomføringsplan

Gebyr

Type	Merknad	Pris	Mengde	Beløp	Mottakar
2023: Byggesak andre tiltak § 20-1	Lagring av sprengstein	8700	1	8700	NATLAND GRAVESERVICE AS

Saksopplysningar


Naboar er varsla og har ikkje merknader til tiltaket.

Erklærte ansvar i tiltaket jamfør plan- og bygningslova §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Dato	Kl	Journaldato
Rycon AS Natland graveservice AS	SØK Heile tiltaket PRO/UTF Jamfør erklæring	17.01.2024 17.01.2024	1 1	17.01.2024

Teikningsdokumentasjon / Storleik
Løyvet er basert på teikningar dagsett 25.01.2024 med journaldato 12.01.2024.

Tiltaket går ut over eit område på ca 8500 m^2 og skal rammast inn med ein skjermingsvoll.



Innkomne uttalar
Det er ikkje komen inntalar frå partar i denne saka.

Vurdering og konklusjon
Tiltaket vert vurdert etter §§ 20-1 jamfør 21-4 i plan- og bygningslova, samt forskrifter til denne.

Tiltaket er i samsvar med føresegnene i gjeldande reguleringsplan for området.

Tiltaket er omsøkt for 10 år og kommunen godkjenner lagerplassen for sprengstein i 10 år frå dagens dato, 25.01.2024. Etter at løyvet er gått ut må tiltaket omsøkast om det er aktuelt.

Kommunen legg til grunn ansvarleg søkar sine forslag til tiltaksklasse og har elles ingen merknader til tiltaket.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø
Det er ikkje kjende naturverdiar som vil bli negativt påverka av tiltaket. Det er heller ikkje grunn til å tru at oppføring av tiltaket vil ha negative konsekvensar i forhold til klima og miljø.

Konsekvensar for barn, unge og folkehelse
Slik som tiltaket er omsøkt i dag vil ein ikkje tru at det føreligg konsekvensar for barn, unge eller folkehelse.

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak
Kommuneplanen sin arealdel 2019- 2031.
Reguleringsplan R55

Lovar, føresegner, rundskriv
Plan- og bygningslova
Byggsaksforskrift
Byggteknisk forskrift til plan- og bygningslova
Forureiningsforskrifta
Naturmangfaldlova

Føresetnader med heimel i lovverket

- I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
- Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekka med nødvendig ansvarsrett jamfør plan- og bygningslova §23-3.
- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jamfør plan- og bygningslova § 21-9.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jamfør plan- og bygningslova § 21-10.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jamfør plan- og bygningslova § 23-2.

Klagerett
Du har rett til å klage på vedtaket. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen går ut.

Meir informasjon om klagerett og korleis du går fram, kan du lese i Forvaltningslova .

Med vennleg helsing

Guro Lindebrekke Andersen
Byggesaksbehandlar

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur, dette i samsvar med interne rutinar.

Kopi til:
Gry Fagerland Sjursen
IVAR IKS Renovasjon Fiskåvegen 265 4120 TAU
Ryfylke
Rolf Arne Olsen
Torill Berge